

Dato 23.10.2017

**Referat frå møte i administrativ nemnd ved Nordhordland legevakt.**

Dato: 20.10.17 kl. 09.00 – 10.00 Stad: Regionrådet Nordhordland

Tilstade:	Ørjan R. Forthun	Lindås
	Terese Folgerø	Lindås
	Dag Brochmann	NHLV-ØHD
	Erna Fosse	NHLV-ØHD
	Ann-Christin Sagstad	NHLV-ØHD – deltok under sak 13.17
	Nina Kvamme	Osterøy
	Heinz Diehl	Fedje
	Anita Søreide	Osterøy, kommuneoverlege
	Helga Ellingsen	Masfjorden
	Rolf M. Tande	Masfjorden, kommuneoverlege
	Oddvin Neset	Modalen
	Mette Fauskanger	Radøy
	Ingebjørg Søreide	Gulen
	Anne Hildegunn Færøy	NUI
Meldt forfall:	Helge Kvam	Meland
	Olav Mongstad	Austrheim
	Leni Dale	Lindås

**Saksliste**

07.17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste godkjent

08.17 Godkjenning av referat frå møte 31.07.17

Referat godkjent

09.17 Budsjett 2017

Tatt til orientering. Vedlagt referat

10.17 Meldt tilsyn med NHLV fra Fylkesmannen i Hordaland 29.11.17 og 01.12.17

Sjå vedlagt PP presentasjon

11.17 Ny legevaktsjef, ny overlege ØHD

Sjå vedlagt PP presentasjon

#### **12.17 Status ØHD**

Sjå vedlagt PP presentasjon. Tal for Gulen mangla, dei er no med.

#### **13.17 Daglegevakt**

Sjå vedlagt PP presentasjon

Daglegevaka - er ikkje organisert etter vertskommuneprinsippet, og er såleis ikkje regulert under dette. Den enkelte kommune har ansvar for legevakt i sin kommune frå kl. 8 – 16, men kan kjøpe denne tenesta av LK. Det er inngått avtale om dette mellom LK og kommunane Radøy, Austrheim, Fedje, Masfjorden og Modalen.

Vedlagt oversikt som viser kva kommunar som bidreg med turnuslege for å sikre lege på daglegevaka.

Konklusjon: Adm.nemnd ber om ein gjennomgang av ordninga med daglegevakt. Det er semje om at ein slik gjennomgang startar etter Fylkesmannen sitt tilsyn ved legevaka er avslutta, og tilbakemeldingar/resultatet føreligg. Lindås kommune har ansvar for å følgje dette opp.

#### **14.17 Ymse**

- Ørjan R. Forthun orienterte om organisering av legevaktssamarbeidet og vertskommuneavtalen som regulerer samarbeidet om Nordhordland legevakt og NH ØHD. Ei tydeleggjering av kven som har ansvar for tenesta og at LK tar dette ansvaret. Det vart mellom anna signalisert at det kan bli ei endra organisering av LV og ØHD. Det vart presisert at samarbeidskommunane skal bli involvert i dette arbeidet.  
(PP vedlagt ref.)
- Det vart stilt spørsmål ved korleis Fagrådet for kommuneoverlegar blir involvert i saker som vert handsama i Adm.nemnd – korleis involvere fagrådet på ein betre måte og kven definerer kva saker fagrådet skal involverast i?  
Konklusjon: Invitere fagrådet til årleg fellesmøte med Adm.nemnd. Sende nemnda sin møteplan til fagrådet slik at dei kan tilpasse sin møteaktivitet, og få tilsend sakslistar til drøfting og mulighet for å gje innspel i forkant av planlagde møter. Leiar av fagrådet må sikre at nødvendig informasjon vert gitt, og at fagrådet sine innspel vert formidla til Adm.nemnd og rådmannen i LK.
- Mette Fauskanger orienterte om at Tord Molsumyr startar som kommuneoverlege i Radøy kommune frå 1. november. Han vil då vere kommuneoverlege i både Meland og Radøy.

Neste møte i Adm.nemnd er i samband med kommunalsjefgruppa sitt møte i januar 2018. Innkalling vert sendt når møtedato er avklara.